



## Høyringsuttale (KF-340)

Referansenummer: J4TZ2Z

Registrert dato: 07.08.2017 23:27:26

| Innleiing                                  |  |
|--|--|
| Uttalen blir gjeven                        |  |
| <input checked="" type="radio"/> Personleg | <input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining |
| Opplysningar om innsendaren                |  |
| Førenamn                                   |  |
| Arne                                       |  |
| Etternamn                                  |  |
| Aven                                       |  |
| Adresse                                    |  |
| Sundsbovegen 157                           |  |
| Postnummer                                 | Poststad   |
| 5955                                       | LINDÅS   |
| Telefon                                    |  |
| E-post                                     |  |
| aaven@online.no                            |  |

| Høyringsuttale  |
|---|
| Høyringsuttale  |
| Velj høyringsuttale:  |
| <input type="checkbox"/> Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen |
| <input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplan samfunnsdel                 |
| <input type="checkbox"/> Områdeplan Lonelva-Juvikvarden                     |
| <input type="checkbox"/> Mindre endring av reguleringsplan for Sundeheim    |

Uttale

Uttale/merknad til

Tema 2.

Industri og næring.

Mongstadorrådet.

I tillegg til å vere eit viktig nasjonalt industriområde, er Mongstad/Sløvåg området det viktigaste industri- og arbeidsområde for heile nordhordlandsregionen.

For utnytte det unike potensialet kommunane i og rundt området her har, er det viktig at å få til ein felles politikk og godt samarbeid om korleis området kan vidareutviklast.

Det hadde nok vore enklare dersom Nordhordland hadde vore samla i ein kommune, men at det ikkje er slik, må ikkje føre til at vi ikkje klarar å utnytte mulighetane som ligg i å ha eit slik område i vår region.

Lindås kommunen som største interessent i området må vere pådrivar i arbeidet med å vidareutvikle næringsområda i ytre Fensfjorden til beste for regionen. Det må komme mykje tydelegare fram i planen, enn det gjer i høyringsframlegget-

Gjer framlegg om at:

1. Formulering som tydeleg signaliserer denne intensjonen vert teke inn som eige avsnitt under tema 2 Næring og industri.

Under strategiar:

2. Lindås kommune vil ta initiativ til og vere ein pådrivar for, - saman med kommunane Gulen, Masfjord, Austrheim og Fedje, å få til interkommunalt samarbeid om vidareutvikling av Mongstad/ytre Fensfjordområdet som nasjonalt, regionalt, høgteknologisk og bærekraftig industri- og næringsområde.